

Doktor Haugen slik du minnest han 26.

31.12.2014



Meir frå krigen.

I går la vi ut litt om dr. Haugen sitt arbeid under krigshandlingane i Uskedalen i april 1940. I dag har Lars Børge Sæberg sendt stoff som supplerer dette.

Ein annan episode frå 20. april 1940 hende då Haugen kom til Uskedalen etter først å ha køyrt ein såra tysk soldat, så ein død til Dimmelsvik.

Då sto tyskerane klare til å skyta alle som var i det raude huset som sto i Kleivadalssvingen. Dei hadde fått det for seg at det hadde vore løyst skot mot dei frå dette huset. I røynda var det ein av dei frivillige som var på veg oppover lia som skaut. Han hadde lagt ein varm, kvit spøtagenser att på lastebilen som sto ved vegen, og då ein tysker tok genseren og ville sjå om han passa, vart han så arg at han skaut.

Heldigvis snakka dr Haugen flytande tysk, og fekk forklart at dei som budde i huset var vanlege folk, og slett ingen geriljasoldatar!

Men Haugen fortalde i interjuvet i 1986 at han var ganske svett på ryggen før han fekk tyskerane til å trekkja seg attende.

Tekst: Lars Børge Sæberg

Nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003